

## Storleiken på ting

Det finst to enkle tastekommandoar som kan nyttast til å endre storleiken på ting i Avid.

**Ctrl + L** - for å gjera ting større( - Larger)

**Ctrl + K** - for å gjera ting mindre( - Kleiner(?))

### ***Det du kan bruka dette til:***

**I bin** med "Frame" eller "Script"-visning vil thumbnail-bileta endra storleik(bruk elles funksjonane "Align to grid", "Fill Window" og "Fill Sorted", som dè finn med hamburger-knappen, til å rydda opp i visninga...)

**I timeline** til å endra høgda på aktive spor

**I Composer** til å zoome inn og ut. Kan vera nyttig i samband med enkelte effekter om du har bruk for å setja punkter eller dra rammer utanfor det faktiske biletet